
Fra: Leif Johnsen <ljholme@online.no>
Sendt: lørdag 7. september 2019 10:42
Til: Per Ole Ekker; Frivilligsentralen Meland Kommune; Rune Rydland
Emne: Reaksjon på valmøte 5. sept

Hei.

Her er ein felles reaksjon på vår oppleving av valmøtet 5. sept, med det for oss alle viktige tema "Frivilligheita sine vilkår i Alver", som også dei underteikna partia har mange synspunkt på - og som me prioriterte kvelden på for å få sei eit 2 min pip om.

Demokratisk kultur i Lindås?

"Korleis kan Alver kommune på beste måte støtte opp om frivillig arbeid?" Tidleg i sommar vart me inviterte til eit politisk debattmøte med dette viktige tema. Særs viktig i Alver så rik på frivillig arbeid. Møtet var annonsert med heilside i avisene, arrangørar var Knarvikmila, Nordhordland avis og frivilligsentralane i dei tre kommunane. Opplegget var at dei seks største partia i siste Stortingsval og kommuneval skulle sitte i eit panel og svare på spørsmål frå salen, og dei miste partia kunne stille spørsmål frå salen og få innlegg to 2 min. Då me kom på møtet var det skjedd endringar, både i møtetekst og i panelet, og det var kome inn fem seks anonyme spørsmål på førehand. No var det dei seks største partia i siste Stortingsval og på gallupen i juni 2019 som fekk panelplass. Dei fem minste partia hadde fått markert plassar på første rad. Spørsmåla frå salen var skriftlege, skrivne ned på lappar i pausen og samla inn av møteleiar. Like spørsmål og liknande tema ville bli slått saman for å spare tid. Møtet starta med to foredrag på 35 min kvar, der det blei sagt at verken Lindås, Meland eller Radøy hadde ein frivilligpolitikk... Ein påstand som underleg nok ingen motsa i løpet av møtet. Etter pausen starta spørsmålsrunden. Nokre spørsmål, bl.a. eit om Islandsmodellen for førebyggjande rusarbeid via massiv satsing på frivillig arbeid, (sjå forebygging.no/handling) blei luka ut av møteleiar som omhandlande "lokale saker". Siste spørsmål frå salen handla ironisk nok om inkluderingskultur, å ta alle med. Så var det brått slutt og utdeling av T-skjorter. Me fem representantane frå småpartia sat månebedotne og overrumpla att på utstillingsplassane på første rad. Møteleiar sa han ikkje visste at dei fem skulle ha 2 min taletid kvar.

Me kan ikkje la slikt gå upåakta, slik grov respektlause overfor fem parti og deira fremste kandidatar, ein parodi på eit demokratisk valmøte. Ein glipp? Ein slik glipp skjer ikkje der den demokratiske kulturen er intakt.

Bjørn Humblen, 1. kandidat De Kristne Alver og 6. kandidat De Kristne Vestland, Leif Johnsen, 1. kandidat Alver MDG, Hendrik Weber, 1. kandidat Alver Raudt, Torbjørn Taranger, 1. kandidat Alver SV, Agnes Hushovde Bernes 2. kandidat Alver V og 3. kandidat Vestland V.

Mvh Leif Johnsen,
på vegne av underskrivarane.